

I Trio-cup i helga gjekk Rosendal Uskedal G99 til topps etter ein nervepirrande finale mot Odda. Det er andre året på rad laget vinn turneringa. Her stiller dei beste laga frå Kvinnherad, samt Oddaregionen og Stord, så dette er ein stor prestasjon. Gutane vant dei tre innleiande kampane, og vart dermed gruppevinnarar. I kvartfinalen slo dei Trio 2-0, medan det vart spela uavgjort, 0-0 i semifinalen mot Halsnøy.



Glade for sigeren: Foran Torgeir Bøyum, Ian Bjørke og Emil Bakke Berntsen, bak Ivar Gundersen, Sondre Myklebust, Karsten Andre Haugland, Kristoffer Eskeland og Ragnvald Myklebust

Ved uavgjort er det hjørnespark som vert avgjerande, om det framleis er likt, vert det loddtrekking. Semifinalen vant gutane 4-1 på hjørnespark.

I finalen møttest gutane frå Rosendal/Uskedalen eit sterkt Oddalag. Kvinnheringane var veldig revansjelystne, etter å ha tapt finalen (på loddtrekking) på Zinkencup for ei veke sidan.

Det skulle visa seg å verta ein jamn kamp, med høgt tempo på banen. Etter ca halvspelt kamp, trudde alle Rosendal/Uskedal-supportarane at ballen var i mål, men dommaren var slett ikkje enig.

Då det minka på tida, steig temperaturen på banen nokre hakk. Sondre vart utvist, Odda fekk frispark, det stod att 24 sek. No såg det mørkt ut, det var uavgjort på hjørnespark. Men då det såg som verst ut, snappa Torgeir ballen,

kom seg fri på langsida, la ein perfekt pasning til Kristoffer, som scora MÅÅÅL. Det stod att 2 sek. Sigeren var eit faktum.

Spelarar, supportarar og ikkje minst trenarane, Ragnvald Myklebust og Ivar Gundersen, kunne sleppa jubelen laus. Desse spelarane frå Uskedalen var med (og scora mange av måla): Sondre Myklebust, Emil Bakke Berntsen, Karsten Andre Haugland og Martin Yri Røssland.

Av Klara Bakke